


VANG MOT 2040



Innholdsliste

Innholdsliste	2
1. Innleiing.....	3
2. Vår visjon	4
3. Langsiktige utfordringar og moglegheiter	4
3.1. Berekraftsmåla.....	5
3.2. Sosial berekraft	5
3.3. Økonomisk berekraft	7
3.4. Natur og miljømessig berekraft	8
3.5. Samfunnstryggleik og beredskap	9
4. Hovudmål.....	10
4.1. Vang skal vere eit inkluderande, trygt og mangfaldig lokalsamfunn i tråd med FN-konvensjonen CRPD	10
4.2. Vang skal ha framtidsretta kommunale tenester	10
4.2.1. Innanfor etat for helse- og omsorg	11
4.2.2. Innanfor etat for utdanning og kultur	11
4.2.3. Innanfor etat for landbruk og teknisk.....	12
4.3. Vang skal drive systematisk folkehelsearbeid	12
4.4. Vang skal ha eit variert og innovativt næringsliv	12
4.5. Vang kommune skal vere robust og ha beredskap og kompetanse for krisehandtering.....	13
4.6. Ta vare på det særskilte ved Vang.....	13
5. Langsiktig arealstrategi	14
5.1. Sentrum- og bustadstrategi	14
5.2. Fjell- og naturstrategi	14
5.3. Landbruksstrategi.....	15


1. Innleiing

Kommuneplanen består av ein samfunnsdel (KPS) med langsiktig arealstrategi og ein arealdel (KPA). Gjennom plan- og bygningslova er alle kommunar pålagt å ha ein kommuneplan. Samfunnsdelen omfattar dei langsiktige hovudmåla for utviklinga av lokalsamfunnet og kommuneorganisasjonen, og kva strategiar og styringsprinsipp Vang kommune skal følgje for å nå måla. I tillegg til mål og prioritering for den kommunale verksemda skal KPS gje signal om kva retning utvikling Vang kommune vil ha i tida framover, og kva som er forventa av lokalsamfunnet for at me skal nå desse måla i lag.

Måla gjev retning for kva som skal ha særleg prioritet i arbeidet fram mot 2040. Hovudmåla peikar på ei forventning Vang kommune har til samarbeidet med andre offentlege aktørar, næringslivet, frivillig sektor og kvar enkelt innbyggjar, slik at vi saman kan løyse felles oppgåver og skape eit godt lokalsamfunn. Konkrete tiltak og prioriteringar følgjast opp i økonomiplanen og gjennom kommunedelplanar, temaplanar og strategiar.

Den langsiktige arealstrategien stadfestar kommunen sine overordna prinsipp for arealbruken framover, og legg grunnlaget og føringar for utvikling av KPA. Arealstrategien er mellom anna viktig for å samordne bustad-, areal- og næringsutvikling, redusere klimagassutslepp og minimere nedbygging av dyrka mark og sårbar natur. Arealstrategien skal syne samanhengen mellom dei overordna måla i samfunnsdelen og den juridiske bindande arealdisponeringa i KPA. For å gjere framtidige arealplanprosessar enklare og raskare, og sikre føremålet i lovverket om ei berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar, bør arealstrategien vere i tråd med nasjonale forventingar og regionale planar.

Samfunnsdelen skal vere eit strategisk styringsverktøy for all politisk og administrativ verksemd i kommuneplanperioden.



Figur 1 Illustrasjon av det kommunale plansystemet med 4-årshjul og 1-årshjulet (Asplan Viak)

2. Vår visjon

Vang kommune skal vere ein god kommune å bu og vekse opp i, med gode tenestetilbod og aktive lokalsamfunn der kultur, nærleik, tradisjonar, mangfald og samarbeid står i fokus. Innbyggjarar og tilreisande skal oppleve trivsel og ei kjensle av å høyre til. Me skal vere aktive i høve til endringar i samfunnet, ta grep om eiga utvikling og ha tru på framtida.

3. Langsiktige utfordringar og moglegheiter

Kommuneplanen byggjer på eit breitt kunnskapsgrunnlag. Dette utdraget sumerar opp utviklingstrekk, moglegheiter og utfordringar som grunnlag for prioriteringar i samfunnsdelen. Kunnskapsgrunnlaget har peika ut både nasjonale, regionale og lokale utfordringar som samfunnsmåla må ta grep om. Samla kunnskapsgrunnlag finst på vang.kommune.no.



Figur 2 Illustrasjon av befolkningsutvikling i Vang kommune frå 2025 til 2040 (SSB)

3.1. Berekraftsmåla

Berekraftig utvikling skal liggje til grunn for all kommunal planlegging. FN har definert 17 berekraftsmål fordelt på tre dimensjonar: sosial forhold, klima og miljø, og økonomi. Dei tre dimensjonane er tett samanvevde og må balanserast for å oppnå berekraftig utvikling. Tiltak innan éin dimensjon påverkar dei andre – til dømes kan økonomisk vekst ha verknad på miljøet, medan sosial rettferd kan styrke både økonomi og miljøvern. Ekte berekraft krev at alle tre dimensjonane blir teke omsyn til og balansert samtidig.



Figur 3 Illustrasjon av samspelet mellom berekraftsmåla, FN sambandet.

3.2. Sosial berekraft

Folketalet i Vang var pr. 1. kvartal 2025 1648 innbyggjarar. SSB si prognose viser eit forventa innbyggjartal i 2040 på 1922. Den største veksten kjem i aldersgruppa eldre enn 67 år, der gruppa 80+ vil doble seg frå 2025 til 2050. Innan 2040 er det forventa at ein større del av befolkninga ikkje vil vere i arbeid enn i dag.



Kommunesektoren er pålagt å levere meir komplekse tenester som krev høg kompetanse på ulike fagområde. Vang kommune er ikkje noko unntak. Tilgang på personell med nødvendig kompetanse er allereie ei utfordring i Vang. Framskrivingar tydar på at det vil rekrutterast færre arbeidstakarar til helse- og omsorgsyрка i framtida. Knappheit på arbeidskraft og fleire oppgåver gjer at kommunen står i eit aukande forventningsgap. Oppgåver må dermed løysast annleis, smartare og mindre personellkrevjande der det er mogleg, slik at personell blir frigjort og kan brukast der det er mest nødvendig. Kommunen må derfor prioritere tilstrekkeleg med arbeidskraft og rett kompetanse til dei som treng det aller mest. I tillegg må kommunen i større grad enn tidlegare involvere innbyggjarane og andre aktørar i oppgåveløysinga. Aktive samarbeidspartnarar, pårørande og frivillige blir viktige ressursar i tida framover.

Pensjonistar er aktive samfunnsaktørar, som bidreg i stor grad i frivillig sektor. Gjennom betre organisering og tilrettelegging kan bidraget bli endå større. Det er verdifullt for både samfunnet og pensjonistane.

Ein del av dei i yrkesaktiv alder i Vang er heilt eller delvis utanfor arbeidslivet eller utdanning. Slik utanforskap rammer utsette grupper hardast, både dei som lever med låginntekt, ungdom og unge vaksne, enkelte innvandrargrupper og dei med helserelaterte utfordringar. Førebygging av

utanforskap krev ei heilskapleg tilnærming, med fokus på tidleg innsats og systematisk oppfølging av dei som er eller står i fare for å falle utanfor.

Utenforskap

Innlandet	Bosatte 20-66 år	Utenforskap totalt (20-66 år)		Bosatte 20-29 år	Ungt utenforskap (20-29 år)	
		Utenforskap antall	Utenforskap andel		Utenforskap antall	Utenforskap andel
I alt	220614	48257	21,9 %	41746	7772	18,6 %
3449 Sør-Aurdal	1613	350	21,7 %	288	39	13,5 %
3450 Etnedal	767	215	28,0 %	137	31	22,6 %
3451 Nord-Aurdal	3776	733	19,4 %	706	135	19,1 %
3452 Vestre Slidre	1256	217	17,3 %	209	25	12,0 %
3453 Øystre Slidre	1957	347	17,7 %	338	45	13,3 %
3454 Vang	945	191	20,2 %	164	37	22,6 %

Figur 4 Statistikk frå NAV Valdres 2024

Sosiale møteplassar, gode kommunale tenester og varierte fritidsaktivitetar er viktig for å få folk til å trivast i Vang. Godt samarbeid med frivillige og andre aktørar i samfunnet vil oppretthalde aktivitet og ulike tilbod for innbyggjarar i alle aldrar og livsfasar.

Ein god plass å bu er viktig for god livskvalitet, tryggleik og trivsel. Kommunen har bustader til leige for kommunalt tilsette og bustadsosiale formål. Bustadmarknaden i Vang er i endring, og ein byrjar å få ei breidde for å møte ulike behov og preferansar. Det er eit stort vedlikehaldsetterslep på kommunale bustader og eigedom. Det er fleire private aktørar som har starta positive bustadprosjekt. Samarbeid mellom desse og kommunen blir viktig i tida framover.

Gode bu- og oppvekstvilkår handlar også om å føle at ein høyrer til. Vang kommune har jobba aktivt med tilflytting og busetting i mange år, og har derfor ein mangfaldig befolkning med ulik bakgrunn og kultur. Å bli inkludert, integrert og akseptert for den ein er i lokalsamfunnet har stor verknad på trivsel, tryggleik og livskvalitet.

Kva synes de er best i Vang?



Kva saknar du i Vang?



Figur 5 og 6 Innspel frå ungdomspolitisk dag våren 2024

3.3. Økonomisk berekraft

Økonomien i kommunesektoren er under press. Analysar frå kommuneorganisasjonen KS viser at nesten seks av ti kommunar gjekk med underskott i 2024, og 180 norske kommunar har eit avgrensa økonomisk handlingsrom. Vang kommune har med sine vasskraftinntekter eit betre utgangspunkt enn mange andre, men kommuneøkonomien er likevel under press. Vang kommune er avhengig av ei trygg, langsiktig økonomistyring og nøktern drift i tida framover. Kombinasjonen av lovpålagte oppgåver, individuelle rettar, demografiutviklinga og kommunen sitt inntektsgrunnlag gjer at det blir tøffare økonomiske prioriteringar. Å halde eit moderat nivå på kommunen sine kostnader og nytte vasskraftinntektene smart og i eit langsiktig perspektiv vil vere avgjerande for å sikre økonomisk handlingsrom også for framtidige generasjonar.

Både Vang kommune som arbeidsgjevar og private aktørar erfarer at det er vanskeleg å rekruttere og behalde tilsette med den kompetansen me treng. Å rekruttere og behalde arbeidstakarar vil vere avgjerande for Vang i åra framover, for å sikre eit tenestetilbod på tilfredsstillande nivå.

Fagnettverk, samarbeid med andre Valdreskommunar og tenestekjøp kan vere naudsynt for å sikre kompetanse og kapasitet. Å vere opne i møte med digitalisering, og dei moglegheitene som ligg i det, kan hjelpe oss i møte med nokre ressurs- og rekrutteringsutfordringar.



Eit variert næringsliv er sentralt for å skape arbeidsplassar, konkurransekraft, verdiskaping og lokal samfunnsutvikling. Kommunar som integrerer næringsutvikling i arbeidet for gode lokalsamfunn, oppnår ofte større suksess i utviklingsprosjekt.

Det har i lang tid vore ei satsing på reiselivet i Vang. Reiselivsnæringa bidreg til viktig verdiskaping for både primær-, sekundær- og tertiærnæringa. Dette gjeld til dømes landbruket med kjøtt og meieriprodukt, matproduksjon og industri med foredling av landbruk, bergverk og trevareprodukt, bygg- og anleggsbransjen, samt handel, transport og servicenæringa. Reiselivet har utfordringar knytt til heilårs arbeidsplassar, rekruttering av stabil arbeidskraft og berekraftig reiselivsutvikling.

Lovverk, krav, reguleringar og forventningar er i endring for å nå langsiktige nasjonale mål. For å halde konkurransekrafta oppe, og sikre framtidige arbeidsplassar og verdiskaping, er det avgjerande at både det private næringslivet og kommunen har nødvendig kompetanse og omstillingsevne.

Landbruket i Vang er også i konstant omstilling, og er viktig for sysselsetting, forvaltning av utmarksressursar og lokal matberedskap. Dette skaper ringverknader for anna lokalt næringsliv i kommunen. Eit framtidig og levedyktig landbruk vil vere av stor betydning for lokalsamfunnet, og for å sikre dei verdiane landbruket gjev lokalt er det viktig at flest mogleg gardar er i aktiv drift. Også landbruksnæringa er omfatta av utvikling, ny teknologi, marknadsendringar og nye lovkrav. Mellom anna har det kome nasjonale krav til gjødsling og lausdriftsfjøs for mjølke- og storfeproduksjon. Her må landbruket, anna relevant næringsliv, kommunen og interesseorganisasjonar jobbe saman om for å finne gode løysingar.

3.4. Natur og miljømessig berekraft

Vang kommune forvaltar store naturverdiar. Dei er foredla, teke vare på og vidareutvikla av generasjonane før oss. Det er vårt felles ansvar å forvalte og vidareføre desse verdiane til komande generasjonar. For å få til dette må me balansere både verdiskaping og vern i eit langsiktig perspektiv.

Vang kommune har som plan- og forureiningsmyndigheit stort ansvar for naturverdiar og vassmiljø. Kommunen skal leggje dei to statlege planretningslinjene (SPR) for klima og energi, og arealbruk og mobilitet til grunn i sine planar. Her går det mellom anna fram at kommunen må avgrense framtidig klimagassutslepp gjennom vår arealbruk. FNs berekraftsmål skal og leggjast til grunn for arbeidet med utsleppsreduksjon og klimatilpassingar. Innlandet og Noreg har sett mål om at direkte klimagassutslepp skal reduserast med minimum 55 % innan 2030.

I Vang er om lag 90 % av arealet vårt over 900moh. Med store, sårbare høgfjellsareal er det særskilt viktig at me tek ansvar for denne naturtypen. Ein trussel for bevaring av naturverdiar i kommunen er i dag bygging av fritidsbustadar med tilhøyrande infrastruktur, samt auka ferdsel og slitasje på naturen. Med tilrettelegging for utbygging for reiseliv kjem også behovet for ei aktiv og tydeleg besøksforvaltning.



I kommunen sine arealplanar er det store ubygde areal bunde opp til ulike føremål. Arealbruksendringar, som nedbygging av skog eller myr, er negativt for både naturmangfald og klima. Parallelt med omsyn til klimagassutslepp er det viktig at naturverdiar, artar og naturtypar takast vare på. Det er auka kunnskap og bevisstgjerjing om dei negative konsekvensane ved nedbygging av natur. Vang kommune må derfor prioritere kva me skal gjera og ikkje gjera i tida framover med tanke på arealbruk, utbygging og klimautslepp. I arbeidet med å verne om kultur- og naturverdiar må det også takast omsyn til kva type verdiar me ynskjer å verne. For ei slåtteng er eit innslag av skjøtsel naudsynt, men for ein naturskog må det i motsetning vere minst mogleg menneskeleg påverknad for å sikre artsmangfaldet.

Fjellandbruket opprettheld naturmangfald, variert næringsliv, sysselsetting og vidareføring av kulturarv gjennom aktiv stølsdrift og skjøtsel av kulturlandskapet. Vegetasjonskartlegging viser at Vang har store område med gode og svært gode beite som ein bør sikre i kommunen sitt planarbeid.

3.5. Samfunnstryggleik og beredskap

Vang kommune har ei viktig rolle i arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Målet er å vidareføre og forsterke eit trygt og robust lokalsamfunn.

Ei stadig endring i risikobilete gjer at me må vere førebudd på meir ekstremvær, ulykker, sabotasje, pandemiar, og i verste fall militære eller hybride krise- og krigshandlingar. Vang kommune blir påverka av hendingar både lokalt, nasjonalt, i Europa og verda elles.

Europaveg E16 er den mest vintersikre transportåra mellom vestlandet og austlandet. I ein spent geopolitisk situasjon kan denne transportåra få ein viktig funksjon i høve til auka press mot frontlinjer aust for oss og flytting av materiell og folk.

Mat og matforsyning er ein vesentleg del av totalberedskapen. Vang er ein landbrukskommune, og for beredskapen er det viktig å oppretthalde og stimulere til utvikling av lokal matproduksjon. Trygg og sikker vassforsyning er og viktig for samfunnstryggleiken.

Fjellpartiet Skutshorn er klassifisert som eit høgrisiko objekt for fjellskred. Eit større fjellskred kan forårsake ei flodbølge i Vangsmjøsa, som kan ramme store delar samfunnet rundt vatnet. Fjellpartiet blir kontinuerleg overvaka av NVE. Sjølv om me no har overvaking og kontroll på fjellpartiet vil denne situasjonen ha verknad på samfunnsplanlegginga framover.

Vang har to brannstasjonar og interkommunalt driftssamarbeid i Valdres brann- og redningsteneste (VBR). Det er utbetningsbehov ved dei to brannstasjonsbygga, og kommunen må i samråd med VBR ta stilling til brannstasjonsstrukturen i KPA.

Vang kommune er avhengig av eit robust og førebudd lokalsamfunn. Innbyggjarar, næringsliv, frivillige lag og foreiningar, kommune og statlege etatar må spele på lag for å vere budd på framtidige trugslar. Eigenberedskap er ein viktig del av den totale samfunnstryggleiken.

4. Hovudmål

4.1. Vang skal vere eit inkluderande, trygt og mangfaldig lokalsamfunn i tråd med FN-konvensjonen CRPD

Dette målet inneber prioritering av:

- a. å fremje likestilling og hindre diskriminering på bakgrunn av kjønn, religion, seksuell orientering, kjønnsidentitet, funksjonsnedsetting, alder eller andre personlege tilhøve
- b. målretta arbeid for ei utvikling av arbeidsplassar, bustadar og tenestetilbod som legg til rette for ei positiv folketalsutvikling
- c. heilskapleg og tverrfagleg tilnærming til førebygging av utanforskap og arbeide aktivt for inkludering på alle samfunnsnivå
- d. at Vang kommune skal leggje til rette for eit aldersvennleg samfunn og universell utforming slik at kommunen er tilgjengeleg for alle
- e. å sikre barn og ungdom stimulerande og trygge oppvekstvilkår i heim, barnehage, skule og fritid
- f. å leggje til rette for eit levande kulturliv og ei god kulturminneforvaltning
- g. at den frivillige innsatsen i kultur og samfunnsliv skal stimulerast og støttast
- h. å leggje til rette for ein attraktiv og mangfaldig arbeids- og bustadmarknad
- i. samarbeid med bustadutviklarar, andre myndigheiter og innbyggjarar om prinsipp for bukvallitet og inkluderande bumiljø
- j. lys i alle glas. Vidareføring av nullkonsesjon og at alle bustadar i Vang blir nytta som heilårsbustad. Innføre ein hovudregel med varig upersonleg buplikt etter 5-årig personleg buplikt er overhalde.
- k. å sikre kontroll og vedlikehald av kommunal eigedom og bustad
- l. å jobbe for trillestig, gangfelt og betre gangveggar

4.2. Vang skal ha framtidsretta kommunale tenester

Dette målet inneber prioritering av:

- a. å oppretthalde ein berekraftig kommuneøkonomi for framtidige generasjonar
- b. å utvikle berekraftige tenester – der førebygging og hjelp til eigenmeistring står sentralt
- c. vektlegging av kvalitet og kapasitet i primæroppgåver og lovpålagte tenester
- d. administrativ organisering som sikrar strategisk utviklingskapasitet, kompetanse, kvalitet og effektivitet i drift og tenesteutvikling
- e. aktiv utforskning av potensiale i nye teknologiske løysningar, og nye måtar å løyse oppgåver eller yte tenester på

- f. ei framtidsretta arbeidsgjevarstrategi for at Vang kommune skal kunne rekruttere og behalde kvalifisert og kompetent arbeidskraft
- g. å rekruttere innbyggjarar utanfor arbeid til arbeidstrening i kommunale tenester
- h. å føre ein god seniorpolitikk, med fokus på at tilsette i pensjonsalder kan stå lenger i arbeid og vere ein ressurs i arbeidslivet
- i. å utvikle og utnytte potensialet ved samskaping mellom kommunen og frivilligheita
- j. å ha tydelege tenestebeskrivingar som bidreg til forventningsavklaring
- k. delta aktivt i det interkommunale samarbeidet i Valdres og vere positiv til utgreiing av samarbeid med andre kommunar og regionar
- l. syte for tilstrekkeleg med ressursar i saksbehandling og søkbare midlar

4.2.1. Innanfor etat for helse- og omsorg

- a. at me skal fremje helse- og meistringsevnene hjå alle; god omsorg handlar ikkje berre om å hjelpe, men like mykje om å gjere folk i stand til å klare seg sjølve
- b. at Vang kommune skal levere forsvarlege tenester til rett tid på rett nivå
- c. utvikling og innføring av ei heilskapleg innsatstrapp i planarbeidet, som sikrar samanheng mellom ressursbruk, innsatsnivå og ynskte samfunnseffektar
- d. satsing på digitale løysingar og velferdsteknologi i helsetenester der det er hensiktsmessig
- e. eit særleg ansvar for å utvikle og tilby førebyggjande tenester, inkludert frisklivssentralen
- f. at tenester og tilrettelagte bustader må (sam)lokaliserast slik at innbyggjarar og pasientar kan vere sjølvstendige og sjølvhjelpne lengst mogleg, og ein oppnår god ressursutnytting

4.2.2. Innanfor etat for utdanning og kultur

- a. barnehagen og skulen i Vang skal ha god kvalitet, stimulere læringslyst og gje positive erfaringar for barn og unge
- b. må ha fokus på samhandling mellom barnehage, skule, helsestasjon, skulehelsetenesta, barnevern og PPT, samt andre relevante samarbeidspartnarar
- c. fortsette arbeidet med satsing på gode uteområde for å leggje til rette for læring gjennom uteskule, leik i natur og fysisk aktivitet der alle blir inkludert
- d. at skule- og barnehagekvardagen skal leggjast opp med fokus på gode mellommenneskelege tilhøve, gode sosiale evner, sunt kost og fysisk aktivitet
- e. at kommunen si satsing på kultur skal vere i samhandling med ulike aktørar i lokalsamfunnet
- f. at Vang kommune skal bidra til gode idrettsanlegg, nærmiljøanlegg, stigar og løypar som stimulerer til fysisk aktivitet for alle aldersgrupper og funksjonsnivå
- g. at Vang kommune skal leggje til rette for aktivitet og idrett gjennom godt samarbeid med frivillige lag og foreiningar
- h. barn og unge skal høyrast i saker som omhandlar dei, som enkeltpersonar og som gruppe, gjennom til dømes elevråd og ungdomsråd. Det skal også etablerast eit utval for unge vaksne for å få deira syn på Vangssamfunnet

4.2.3. Innanfor etat for landbruk og teknisk

- a. føreseieleg drift av eksisterande teknisk infrastruktur
- b. nye utbyggingar skal vere av høg kvalitet og godt dimensjonert
- c. Landbrukskontoret i Vang skal bestå for å hjelpe til med omstilling og legg til rette for eit aktivt landbruk i Vang. Etaten for landbruk og teknisk skal aktivt følgje opp at driveplikt overhaldast, både beiter og dyrka mark. Det skal stimulerast til god agronomisk drift.

4.3. Vang skal drive systematisk folkehelsearbeid

Dette målet inneber prioritering av:

- a. at folkehelsearbeid skal integrerast i alle sektorar og vere ein implementert del av kommunen sin planlegging, tenesteutvikling og styringssystem
- b. å ha ein oppdatert oversikt over helsetilstanden i befolkninga og påverkningsfaktorar
- c. å ha faste strukturar for samarbeid mellom dei ulike etatane, slik som folkehelseteamet

4.4. Vang skal ha eit variert og innovativt næringsliv

Dette målet inneber prioritering av:

- a. å fremje eit variert, mangfaldig, framtidsretta og konkurransedyktig næringsliv
- b. å styrke landbruket, med særleg vekt på husdyrhald, lokal ressursutnytting og vidareforedling, inn- og utmarksressursar, stølsdrift, kulturlandskap og lokal byggjeskikk. Stimulere til busetting, næringskombinasjonar og matberedskap
- c. å medverke til attraktivitet og rekruttering av arbeidstakarar til verksemder i kommunen
- d. å leggje til rette for etablering av ny verksemd med næringsareal, kontorfellesskap og ulike handels- og kulturtilbod
- e. at kommunen ut frå sitt handlingsrom og sine verkemiddel gjer det attraktivt å starte opp med ulike næringar i Vang. Kommunen skal vere ein samarbeidspartnar for næringslivet ved omstilling og ny etablering gjennom god rådgiving og god saksbehandling
- f. aktiv besøksforvaltning som fremjar gode opplevingar for gjestene og varetek levande bygder, flora og fauna
- g. leggje til rette for å utvikle Tyinkrysset og Filefjell til ein heilårs reiselivsdestinasjon i tråd med gjelande kommunedelplan
- h. utarbeiding av ein strategisk næringsplan
- i. eit samarbeid mellom lokalt næringsliv og kommunen, kor me skal leggje til rette for utvikling av 20 nye arbeidsplassar i året fram mot 2040.

4.5. Vang kommune skal vere robust og ha beredskap og kompetanse for krisehandtering

Dette målet inneber prioritering av:

- a. at Vang skal både førebyggje og vere budde på uynskte hendingar og kriser
- b. å leggje til rette for klimatilpassingar som følgje av meir ekstremvær, t.d. ved å ta omsyn til auka fare for flaum og skred i arealplanlegginga
- c. å bygge kompetanse og gjennomføre øvingar i kommunen
- d. oppdatert planverk innan samfunnstryggleik og beredskap
- e. at kommunen skal prioritere og arbeide aktiv med beredskapsarbeid og bevisstgjere innbyggjarar om eigenberedskap
- f. samhandling med andre offentlege, private og frivillige beredskapsaktørar
- g. trafikktryggleik i arealplanlegging

4.6. Ta vare på det særskilte ved Vang

Dette målet inneber prioritering av:

- a. at Vang skal bestå som eigen kommune
- b. lokalt eigarskap til Vang Energiverk AS gjennom Jotun Holding AS. Dette styrkar beredskap, leveringstryggleik og den langsiktige samfunnsutviklinga i Vang
- c. mål om å få status som nasjonalparkkommune
- d. at kommune sin arealbruk skal bidra til å sikre naturmangfald, kulturmiljøet og vareta levande kulturlandskap
- e. å ta vare på og sikre lokal kulturarv og byggjeskikk
- f. at tap av natur og naturmangfald skal minimerast. For trua naturtypar og ansvarsartar i kommunen bør levekåra betrast
- g. å gjenbruka eller finne nye bruksområde i allereie utbygde områder (grå areal) framfor å bygge ut ubyggd areal
- h. å sørge for god medverknad og kunnskapsdeling i lokalsamfunnet
- i. at små- og mellomstore gardsbruk skal vere attraktive å drive som sjølvstendige bruk, noko som fordrar gode støtteordningar, og ei vidare satsing på landbruket i Vang. Dette med bakgrunn i beredskap, busetting og aktiv bruk samt vern gjennom bruk av natur- og kulturlandskapet
- j. at Vang kommune skal jobbe aktivt med å redusere klimagassutslepp fram mot 2040

5. Langsiktig arealstrategi

Arealstrategiane synleggjer korleis mål og prioriteringar i samfunnsdelen skal følgjast opp i arealplanlegging og legg overordna føringar for revisjonen av KPA, der avklaringar for arealbruken skal skje.

5.1. Sentrum- og bustadstrategi

- Vang sentrum og Ryfoss sentrum er satsingsområde for bustadutvikling, dette med tanke på lokalisering nær E 16, offentleg infrastruktur, skule/barnehage og eksisterande kultur- og handelstilbod. Utvikling av kommunale tenester skal primært skje i Vang sentrum
- Kommunen er positive til spreidd bustadbygging. Som hovudregel skal avsett areal for bustad nyttast før nytt vert regulert. Kommunen ser positivt på etablering av utradisjonelle bustadløyser som styrker eit variert bustadtilbod
- Det skal takast omsyn til den lokale byggeskikken når det byggast i eksisterande bygdemiljø. Det skal leggjast vekt på å bevare eller utforme grønstruktur i tettbygde område. Ved planlegging av bustadar i Vang sentrum og Ryfoss sentrum skal det leggjast til rette for stigar og gangveggar til nærtuområde, aktivitetar og skule/barnehage
- Det skal takast særleg omsyn til trafikktryggleik i vår arealplanlegging. Gangfelt og gangveggar i sentrumsområda skal vere universelt utforma
- Drikkevassinteresser skal takast omsyn til i planlegging
- God digital dekning er viktig for beredskap, privat bruk og næring. Difor er det viktig å stille krav til digital infrastruktur i arealplanlegginga

5.2. Fjell- og naturstrategi

- Det skal vurderast om det er føremålstenleg å vidareføre vedteke arealbruk i høve til samfunnsnytte og ny kunnskap om naturfare, klimaendringar, vassmiljø og naturmangfald. Særskilt for områda rundt Vangsmjøse må ein ta omsyn til Skutshorn og faren for fjellskred. Eldre reguleringsplanar som ikkje er i samsvar med ny kunnskap eller som har liten samfunnsnyttig verdi skal vurderast oppheva
- I samfunnsplanen sin planperiode skal utbygging skje innafor dei etablerte hytteområda i kommunen, i fyrste omgang ved naturleg fortetting. Vang kommune vil vidareføre satsinga på Tyinkrysset og Filefjell, i tråd med gjelande kommunedelplan og dei

overordna ambisjonane for destinasjonen som låg til grunn for denne. Utbygging skal sjåast i samanheng med bygging av privat og offentleg infrastruktur

- I fjellområda har kommunen fleire populære og historisk viktige område som Bygdin, Tyinholmen, Eidsbugarden og Kyrkjestølen. Framtidig aktivitet i fjellområda og ved historiske destinasjonar, må ta omsyn til eksisterande næring, natur- og kulturverdiar
- I arbeidet med kommuneplanen sin arealdel skal verktøy som arealrekneskap takast i bruk for å minimere nedbygging av natur og halde oversikt over areal som allereie har inngrep, men som kan få nytt formål, betre utnytting eller som kan restaurerast til natur
- Me skal utnytte moglegheiter for bruk og verdiskaping i fjellområda og samtidig vurdere behov for inngrepsfrie soner og fastsette grenser for utbygging i natur- og fjellområde
- Me skal vektleggje høg utnyttingsgrad i bustad-, fritids- og næringsområde for å nå nasjonale mål om redusert omdisponering av dyrka/dyrkbar mark og redusere inngrep i våtmark og myrområde
- Kommunen skal leggje til rette for å tilby ferdig regulert næringsareal til ulike behov
- Store delar av Vang er privateigd. Grunneigarar skal involverast og høyrast i alle spørsmål om bruk av areal i det aktuelle området. Grunneigar sine rettar skal respekterast og takast omsyn til i Vang
- Vang kommune legg til grunn god besøksforvaltning i høve vidare utvikling av reiselivet og turisme. Det skal vurderast om det er behov for ein eigen besøksstrategi, med føremål å medverke til gode opplevingar for gjestane samt unngå skade og ulempe for innbyggjarar

5.3. Landbruksstrategi

Landbruket i Vang mot 2040 skal vere variert og framsynt. Landbruket skal henge med på utviklinga nasjonalt og internasjonalt nivå med lokale tilpassingar. Det skal vere rom for dei som vil basere drifta si på lokal foredling og direkte sal ut til forbrukar, men også til dei som vil på meir «tradisjonelt» vis med fokus på produksjon og primærproduksjon. Målet er å oppretthalde same volumet som vert levert i dag av mjølk og kjøt, framleis god utnytting av dei enorme utmarksressursane, og meir oppdyrking av innmark. Det fordrar at ein i samarbeid mellom landbruk og kommune arbeider aktivt for å få med flest mogleg gjennom omstillinga frå bås fjøs til lausdrift når lausdriftskravet innførast i 2034. Vangslanbruket kan ikkje bli dei største produsentane, men det er ingen avgrensing for å vere blant dei beste. Hovudmålet er at me ut frå det grunnlaget me har legg opp til høg og god ressursutnytting.

- Vang kommune skal vere restriktive til nedbygging av dyrka mark og områder som egner seg særleg godt til nydyrking. Der store samfunnsinteresser gjer at dyrka mark vert vurdert nedbygd er «netto null» ein føresetnad. Det skal utarbeidast ein matjordplan som sikrar at matjordlaget vert nytta på det nye jordbruksarealet.
- I utmarksområda i kommunen som har betydning for beitebruk skal det ikkje verte tillate tiltak og aktivitet som går utover beitenæringa. I planarbeidet skal beitebruksplan og vegetasjonskartlegging som er gjort i kommunen leggjast til grunn ved forslag om utbygging. Skog med høg bonitet og betydning for skogbruket bør skjermast for utbygging.
- Vang kommune skal vere restriktiv til bygging av fritidsbustadar i stølsområda og frådelling av stølshus som kjem til hinder for landbruksdrift. Det skal takast særleg omsyn til beite og kulturlandskap i og rundt stølsområda. Kommunen er positive til utbetring og vedlikehald av stolar uavhengig av driftsform på garden.
- Beitelag og faglag i landbruket skal høyrast i relevante plan- og dispensasjonssaker.
- Det skal vere mogleg å dele landbrukseigedommar når det bidreg til ein tenleg og variert bruksstruktur og driftsmessigge gode løysningar for både eigedommane. Ved søknad om frådelling eller arealoverføring av regulert landbruksareal skal det leggjast vekt på den landbruksfaglege grunngjevinga.